

Årsplan

Hunstad barnehage

2024-2025



Velkommen til Hunstad barnehage.

Hunstad barnehage er organisert i to avdelingar, Ulriken og Løvstakken. På begge avdelingar er det barn fra 1- 6 år. Vi legg stor vekt på relasjonar både barn- barn og barn- voksen. Dei tilsette kjenner godt barna på begge avdelingane, og vi gjennomfører turer og aktivitetar tilpassa barna sin alder. I kvardagen møter barna kvarandre i uteleiken, i felles samlingar i leikegrupper og i førskulegruppe.

“Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering”

Barnehageloven §1 Formål

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd og rammeplan for barnehagen er inndelt i sju fagområde som skal bidra til trivsel, allsidig utvikling og helse. Alle fagområda er ein gjennomgående del av barnehagen sitt innhold, og bli sett under eitt. Felles temaarbeid, samlingar, turar og leik er gode utgangspunkt for leik og læring gjennom deltakande og sosial praksis.



Barnehagens verdigrunnlag


Barnehagane skal gi barna gode lærings- og utviklingsmoglegheiter i eit trygt og omsorgsfullt miljø. Barna skal få ein god barndom og eit godt pedagogisk tilbod gjennom lek og læring i sosialt samspel med andre barn og med vaksne. Barn og foreldre skal møte eit personale som er Påliteleg, Imøtekommande og Løysingsorienterte. I våre barnehagar vil vi forsterke desse levereglane; “Lagånd og Enkelhet”, og vi vil leggje vekt på samhandling for å gjere kvarandre gode.

Barna i barnehagane er ei mangfaldig gruppe, og kvar og ein skal møtast som den dei er. Alle skal bli inkludert og få eit likeverdig tilbod i barnehagane. Barna skal bli oppmuntra til å ta vare på seg sjølv og andre. Personalet skal kjenne barna sine interesser, behov og føresetnader for å gi dei støtte og anledning til ein god kvardag.

Barna skal møte personale som er aktive og anerkjennande, og som med utgangspunkt i barna sine interesser inspirerer til auka kunnskap og erfaring på nye område.

Mål for barnehagane

Kvart barn skal bli sett, høyrte og utfordra ut frå egne føresetnader



Livsmeistring og Helse

Barnehagane i Helse Bergen har valt Livsmeistring og helse som felles satsingsområde i perioden 2022-2026.

Å fremje livsmeistring og helse handlar dels om å leggje til rette for at barn utviklar sunn fysisk og psykisk helse, samtidig som det legg eit fundament for framtidig samfunns- og arbeidsliv. Barnehagen spelar ei viktig rolle i å gi barna erfaringar som legg grunnlaget for dei moglegheitene barna får seinare i livet, og som har verdi for vidare livsløp og eit liv i eit komplekst og mangfaldig samfunn (Meld.st.19. Tid for leik og læring,2015-2016).

FN's barnekonvensjon og Rammepplan 2017 har fokus på kor viktig det er å fremje barns fysiske og psykiske helse. Forsking (I. Lund og A. Helgeland,2017) i Noreg viser at det er mange barn som opplever mobbing og krenkingar også i barnehagealder. Dette går ut over barns psykiske helse og det er av stor betydning at barnehagen har fokus på barns opplevingar av dette. Hovudmålet til Regjeringa og Barneombudet er at barnehagen skal førebyggje, oppdage og handtere mobbing raskare enn før. Dette krev kompetanseheving og haldningsarbeid i barnehagane.


Vårt syn på barn og vårt læringsyn dannar kjernen i arbeidet med å gi alle barn ein god barnehagekvardag og eit godt grunnlag for livsmeistring og helse.

Personalet i barnehagen skal gi barna ein god barnehagekvardag ved å;

- sørge for at barna trivst
- leggja til rette for samspel, vennskap og fellesskap
- vera anerkjennande vaksne
- hjelpe barna til å handtere motgang
- la barna bli kjende med egne og andre sine kjensler
- Legga til rette for fysisk aktivitet og kvile
- utvikle matglede og sunne helsevanar



Modellen under beskriv dei områda som er av betydning for å gi barna eit godt grunnlag for livsmeistring og helse.



Å vere saman

Sosial kompetanse er viktig for å kunne fungere saman med andre, og alle barn i barnehagen skal få oppleving av å vera viktige for fellesskapet og vere i sosialt samspel med andre barn og vaksne (Rammeplan for barnehagar, 2017).

"Vennskapstilhøve kan definerast som stabile, dynamiske relasjonar kjennetegnet av gjensidighet og felles positive følelsar. Venner oppsøker kvarandre målretta og viser uttalt glede ved å være sammen og de omtaler kvarandre ofte som venner" (Brostrøm, 2000)

Det er av betydning for utviklinga til barn at barnehagen legg til rette for vennskap og sosialt fellesskap.

Personalet skal;

- Legge til rette for vennskap og fellesskap
- Støtte barna si sjølvkjensle
- Gi barna høve til meistring
- Sørge for at barna har balanse mellom å vareta egne behov og ta hensyn til andre sine behov
- La barna få reflektera over ulike perspektiv, andre sine kjensler, opplevingar og meningar.
- Lære barna å sette grenser



Vi blir til i møte med andre

Barn blir til i møte med omgivnadene sine – her blir identiteten og kunnskapen til barna danna.

Vi blir danna gjennom heile livet, og barnehagen legg grunnlaget for barna sine moglegheiter til aktiv deltaking i demokratiske fellesskap. Danning er ein kontinuerleg prosess som blant anna handlar om å utvikle evne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar.

I Helse Bergen sine barnehager har vi tru på at barn er kompetente; - barn vil og kan. Vi anerkjenner kvart enkelt barn som eit individ som kan forhalde seg til seg sjølv med retten til eigne tankar og kjensler. Barn er fullverdige menneske som skal anerkjennast for den dei er der og då.

Barna er ressurssterke, dei ønsker og kan bidra. Ved å leggje til rette for at barn får gjere ting sjølve, finne ut av dilemma, jakte på kva og kvifor ser vi læring, utvikling og evne til problemløysing. Barna skal oppleve å ha medverknad på eigen kvardag kor dei får utvikle seg i takt med seg sjølv, og lære å ta omsyn til seg sjølv og kvarandre.

I barnehagane møter barna samfunnet sitt sett av sosiale reglar, samhald og solidaritet. Vi arbeider for å fremme barnas sosiale kompetanse slik at dei utviklar sympati og forståing for andre sine reaksjonar og uttrykksmåtar.

Solidaritet og nestekjærleik er grunnleggande verdiar i dagens samfunn, og kvar barnehage har eit solidaritetsprosjekt. Her har vi fokus på å synleggjera at vi er ein del av eit større fellesskap der vi kan hjelpe og lære av kvarandre, nasjonalt og internasjonalt.

Personalet skal;

- Møte barna med anerkjening, respekt, likeverd og empati
- Vere gode rollemodellar
- Leggje til rette for medverknad
- Støtte opp om barna si nysgjerrigheit



Det du gjer saman med meg i dag gjer eg sjølv i morgon

Vi skal gi barna et innhold som er variert, allsidig og tilpasset enkeltbarnet og barnegruppen uavhengig av alder, kjønn, funksjonsnivå, sosial og kulturell bakgrunn. Arbeidet med omsorg, lek, læring og danning skal ses i sammenheng og skal samlet bidra til at barna får en allsidig utvikling (Rammeplan for barnehager, 2017).

Vi har eit læringssyn kor vi ser språk og sosial kompetanse som grunnleggande evne, og omsorg, leik og læring i samanheng.

Barnehagen er første steg i utdanningssystemet og barn lærer i leik og i sosialt samspel, gjennom tilrettelagte og spontane aktivitetar. Å undre seg er ein stor del av barndommen. Vi har eit bevisst forhold til kva barnehagen skal gi barna kunnskap om, og korleis læringa skal føre seg. Refleksjon i arbeidet er ein viktig del av vår kvardag i barnehagen.

«Læringsmiljøet i barnehagen består av de kulturelle, relasjonelle og fysiske forholdene i barnehagen som har betydning for barns utvikling, lek og læring.» (UIS, Læringsmiljøsenderet)

Vi sørgjer for eit godt og stimulerande læringsmiljø der personalet etablerer gode relasjonar og støtter opp om barn si lyst til å leike, utforske og undre seg. Å bli møtt i eit inkluderande miljø der det er rom for barns medverknad er av stor betydning for barns læring. Vi sørgjer for progresjon ved å introdusere nye tema, situasjonar, fenomen, materiale og reiskap. Progresjon inneber at barnehagen skal planleggje og leggje til rette for eit leike- og læringsmiljø der alle barna får kjensle av å mestre samtidig som dei har noko å strekke seg etter. Barna skal få varierte erfaringar og opplevingar der personalet bygger vidare på og introduserer nytt basert på barnas interesser, erfaringar, kunnskap og evner. Gjennom erfaring og refleksjon vil barna oppdage samanheng og skape teori om verda omkring seg.

Personalet legg til rette for eit godt og utviklande læringsmiljø ved å;

- Sikre gode relasjonar
- Støtte opp om barn si leikelyst og nysgjerrigheit
- Sikre progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og fysisk miljø
- Sikre barns medverknad



Leik er lystbetona og har eigenverdi

Leiken er ein viktig del av barnekulturen. Han har en eigenverdi og er barna sin viktigaste aktivitet i barnehagen, barn leiker fordi dei har lyst. Leiken har betydning for barns utvikling og skal anerkjennast og ha ein sentral plass i barnehagen. Leiken er av stor betydning for at barna utviklar seg språkleg, emosjonelt, sosialt, kognitivt, moralsk og motorisk.

Barnekonvensjonen påpeikar at barn har rett til leik tidleg i barndommen, og at det er av stor betydning for at barna skal trivast, og for helse og utvikling.

Gjennom planar gir vi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Vi gir rom for leiken og viser forståing for barna sin leik.

Personalet i barnehagene legg til rette for eit trygt, utfordrande og inspirerande leikemiljø ved å;

- vere gode rollemodeller
- vere leikande vaksne
- tilby inspirerande leikemiljø og utvide leiken med materiale og innspel
- ta utgangspunkt i barna sine interesser
- sikre inkludering og hindre utestenging

Forskjell er unikt

Barnehagen skal fremme respekt for menneskeverdet ved å synleggjere og verdsette mangfald og gjensidig respekt. Barna skal få erfare at det er ulike måtar å tenke, handle og leve på, og verdien av fellesskap skal vere synleg. Gjennom å legge til rette for ulike kulturmøter skal barna få oppleve glede, meistring i sosiale og kulturelle fellesskap (Rammeplanen 2017).

Vi lever i eit samfunn med mangfald og barnehagen skal gi barna erfaring, opplevingar og støtte opp om ulike kulturuttrykk og identitetar.

Personalet skal;

- synleggjere ulike kulturar i barnehagen
- sørge for at kvart barn blir sett og høyrd
- gi barna meistring i sosiale og kulturelle fellesskap
- vere gode rollemodeller



Vi er alle like mykje verd


Barnehagen skal ifølgje Rammeplanen sørge for at barna opplever eit barnehagemiljø som er prega av likestilling og likeverd. Personalet skal fremme eit miljø som bygger på nestekjærleik og som er fritt for diskriminering. Dei skal sørge for at barna møter og skaper eit likestilt samfunn. Eit samfunn kor alle er like mykje verd uavhengig av kjønn, funksjonsevne, kjønnsidentitet, kjønnsuttrykk, sosial status, kultur, etnisitet, kultur og religion (Rammeplanen, 2017).

Mobbing i barnehagen kan skje på mange måtar. Det kan være handlingar frå vaksne eller andre barn som gjer at barnet ikkje føler at det høyrer til eller er viktig for fellesskapet. Ein definisjon på mobbing i barnehagen er:

«Mobbing av barn er handlinger fra voksne og/eller barn som hindrer opplevelsen av å høre til, å være en betydningsfull person i fellesskapet og muligheten til medvirkning» (I. Lund 2017).

Personalet skal;

- vere bevisst egne haldningar for best mogleg å fremme likestilling og likeverd
- gi alle barn like utfordringar uavhengig av kjønn
- sørge for at alle barn deltek i fellesskapet
- hindre utanforskap
- sørge for at alle barn blir sett og høyrde
- ha nulltoleranse for alle former for krenkingar
- førebygge, handtere og stoppe mobbing og krenkingar



Språk er nøkkelen

Språk er nøkkelen til all samhandling med andre og er viktig for deltaking i lek, utvikling av vennskap, kommunikasjon og læring. Å utvikle eit godt språk dannar grunnlaget for vidare læring og utvikling, og språkstimulering er ei av barnehagen sine viktigaste oppgåver. Rammeplan (2017) vektlegg tydelegare og auka krav til barnehagen sitt arbeid med kommunikasjon og språk.

Føresetnad for god språkutvikling er at barna får delta i eit aktivt språkmiljø, då barn lærer språk i samspel med andre. Barna sine forskjellige språkuttrykk skal bli vektlagt og barna skal få delta i ulike aktivitetar og få god språkstimulering. Språkarbeidet i barnehagen må vere tilpassa barna sine språklege evner, interesser og initiativ.

Personalet er gode språkmodellar når dei nyttar alle høve til å samtale med barna. Det er viktig å sette ord på det ein ser og gjer, tulle med ord og undre seg saman med barna over ulike fenomen og samanheng.

Gjennom aktivt og variert språkbruk vil barnas si forståing av språk bli stadig rikare og meir nyansert.

Personalet skal:

- vere gode språkmodellar
- bruke språket aktivt i alle aktivitetar
- bruke ulike verktøy for å leggje til rette for et godt språkmiljø



Oppleving, undring og utforskning

«Realfag har verdi for barnet her og nå og legger grunnlaget for vidare opplæring og deltakelse i samfunnet. Barnehagebarn skal møte et tydelig realfaglig innhold og ansatte som sikrer at alle barn deltar i og har glede av læringsarbeidet. Barn skal gå ut av barnehagen med evne til å kommunisere, samhandle og delta, og de skal ha med seg lærelyst, skaperglede og utforskertrang over i skolen». (Tett på realfag, 2015-2019 Kunnskapsdepartementet)

Forsking viser at når ein introduserer realfag i barnehagen gir dette barna gode føresetnader for vidare læring og hindrar dropout i skulen. Når barna møter eit realfagleg innhold som tyder noko for livet deira no, gir det relevant kompetanse for vidare studiar og eit aktivt samfunns- og arbeidsliv i framtida.

Personalet skal legge til rette for eit godt læringsmiljø ved å;

- sørge for oppleving og sansing, undersøking og bearbeiding, presentasjon og uttrykk, observasjon og vurdering
- integrere realfag i lek og kvardagssituasjonar
- oppmuntre til utforskande læring
- gi fagleg meining
- hjelpe barna til å sjå ulike samanhengar
- følgje opp barna sine initiativ



Alle barn er aktørar i eigne liv

Barna skal ha meningsfulle og innholdsrike dagar i barnehagen. Dei er aktørar i eigne liv og viktige medspelarar i kvardagen. Barn har rett til medverknad ifølgje barneloven, barnekonvensjonen og Rammeplanen 2017.

Barnehagen skal vareta retten barna har til medverknad, som ikkje handlar om at barna skal bestemme, men at dei opplever å høyre til, å vere deltakar og ha innverknad på sin eigen kvardag. Ved å vera bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og medverknad tilpassa alderen til barna, erfaringar, individuelle føresetnader og behov sørger vi for at alle barna får moglegheit til å medverke. Barna skal få ei oppleving av at bidraget deira er viktig og blir vektlagt slik at dei har ein innverknad på eigen kvardag.

Personalet skal sikra medverknaden til barn ved;

- å møte barna med anerkjenning og oppmuntre til utsegner og deltaking
- å vere sensitive og lyttande til barna sine uttrykk
- å leggje til rette for aktivitet etter alderen til barna, og deira behov og innspel
- å bruke ulike verktøy som barnesamtalar, barneintervju og observasjon i planlegging, dokumentasjon og vurdering

Vi tar vare på jorda for framtida

Bærekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Vi skal lære barna å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barnehagane har difor ei viktig oppgåve i å fremma verdiar, haldningar og praksis for eit meir bærekraftig samfunn. Vi skal hjelpe barna til å forstå at handlingar vi gjer i dag, har ein konsekvens for framtida, og leggje grunnlag for deira evne til å tenke kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Barna skal få erfare å gi omsorg og ta vare på omgivnaden og naturen.

Barnehagane i Helse Bergen arbeider kontinuerlig med miljøtiltak og har vore miljøsertifisert etter ISO 14001 sidan 2004. For barnehagane vil det viktigaste miljøperspektivet være det haldningsskapande arbeidet med barna.

Personalet skal;

- vere gode rollemodellar
- gi barna gode opplevingar i naturen
- fremme gode haldningar hos barna
- forklare at våre handlingar har konsekvens for framtida
- vere undrande saman med barna



Tilknytning, omsorg og gode relasjonar

Omgrepet tilknytning blir brukt for å beskrive korleis barn tidleg i livet utviklar relasjonar og knyter seg kjenslemessig til nære omsorgspersonar på ein måte som er felles for alle menneske. Barnet sitt behov for tilknytning er like grunnleggjande som behovet for mat, drikke og søvn.

Tilknytningsteori blir i dag sett på som den viktigste psykologiske teorien som kan forklare hvordan både barn og voksne forholder seg til nærhet, beskyttelse og omsorg på den ene siden, og selvstendighet, utforskning og mestring på den andre (Broberg, Broberg og Hagström, 2014).

Gode relasjonar og trygg tilknytning til barnas nære omsorgspersonar er viktig for barns trivsel, utvikling og læring. Personalet må leggje til rette for ein god tilknytningsperiode og oppstart i barnehagen for at barna skal få gode relasjonar til barn og vaksne.

I Helse Bergen sine barnehagar har vi gode rutinar for tilknytningsperioden. Den blir gjennomført i tett samarbeid med føresette og med utgangspunkt i behovet til barnet. Når barnet begynner i barnehagen har barna ein kontaktperson som følgjer opp og varetar barn og føresette. I løpet av dei første dagane får føresette tilbod om oppstartssamtale for gjensidig informasjonsutveksling mellom heimen og barnehagen. God dialog er viktig for å skape gjensidig tillit og tryggleik

"Omsorg er en forutsetning for at barnas trivsel, trygghet, og for utvikling av empati og nestekjærlighet" (Rammeplanen, 2017).

Vi gir omsorg til barna når vi er til stades for dei, tar dei på alvor, anerkjenner og lyttar til dei. Ein omsorgsfull relasjon mellom barn og personalet er kjenneteikna av at personalet er nære og lydhøyre, og syner innleving, evne og vilje til samspel. Vi må ta del i barna sine opplevingar, vise engasjement og interesse for det som dei er opptekne av. Det ligg omsorg i å oppmuntre barn til å greie sjølv, og leggje til rette for at barna får moglegheit til å vise empati og omsorg. Kvardagssituasjonar i barnehagen blir nytta til nære og omsorgsfulle relasjonar og samtalar med barna.

Personalet skal;

- sjå, anerkjenne og respektere det einskilde barnet
- sørge for god tilvenning og tilknytning
- vere emosjonelt tilgjengeleg og sjå heile barnet, både fysisk og psykisk
- skape eit miljø der barna sine omsorgshandlingar blir verdsett
- vere lydhøyre og sensitive for kommunikasjonen til barna, både verbalt og nonverbalt
- sørge for gode rutinar som er kjende for barna og gjer dei trygge, skaper trivsel og utvikling.
- samarbeide med barna sine føresette



Livsmestring og helse

Livsmestring og helse er felles satsningsområde for alle Helse Bergen sine barnehagar. I faglitteratur vert livsmestring beskrive som prosessar som bidreg positivt til barnet si utvikling og på den måten gir barn ressurs til å tåle motstand i livet. Livet inneheld både opp- og nedturar og vi ser det som ei viktig oppgåve å ruste barna til dette. Gjennom livsglede og meistring utviklar barna eit positivt sjølvbilete

“Livsmestring handler om å imøtekomme barns behov for lek, trygghet og meistring i hverdagen. De gode erfaringene barn gjør i møte med andre barn og sensitive ansatte vil bidra til at robusthet, trygghet og motstandsdyktighet vil øke”

Drugli & Lekhal

Ein god kvardag

Barna i barnehagen skal ha ein god kvardag. Gjennom omsorg, glede, aktivitetar, leik og rutinar i kvardagen skaper personalet ein trygg kvardag for barna, barn lærer gjennom erfaring og som ein del av eit sosialt fellesskap.

Personalet sin kompetanse og erfaring blir synleggjort i møte med barna kvar dag. Barna blir oppmuntra til å hevde egne interesser samtidig som dei viser interesse for andre- dette er med på å auke trivsel for alle, i tillegg til å førebyggje mobbing og utestenging.



Fagområda i Rammeplanen

Modellen under viser korleis årstema er knytt til fagområda i Rammeplanen.



Årstema - Utviklingsprosjekt – Inspirerende leikemiljø

Helse Bergen barnehagar har eit felles utviklingsprosjekt over 2 år for å heve kvaliteten på barna sitt leikemiljø. Leiken er ein viktig del av barnekulturen og er barna sin viktigaste aktivitet i barnehagen. Den er av stor verdi for barna si utvikling og læring, samt sosial og språkleg samhandling. Målet med utviklingsprosjektet er å utvikle eit inkluderande, utfordrande og inspirerende leikemiljø som er tilpassa barna sin alder og utvikling. Gjennom prosjektet ønskjer vi å bli merksam på korleis vi legg til rette for eit godt og utviklande leikemiljø, ved å ta vare på det som er bra og tilføre nytt der det er behov for det. Vaksenrolla er viktig i leiken, det er avgjerende at vaksne er deltakande i leik og sosialt samspel for å sikre inkludering. Digitale verktøy kjem også til å vere ein del av utviklingsprosjektet. Korleis brukar vi digitale verktøy for å skape spennande, kreative og magiske lekemiljø.

Kompetansehevande tiltak som for eksempel kurs, fagdagar og Erasmus+ studiereiser er knytta til utviklingsprosjektet. På den måten får personalet fagleg påfyll, kunnskap og inspirasjon til korleis sikre eit godt og utviklande leikemiljø for barna.

Barnehagen sitt fysiske leikemiljø skal vere trygt og samtidig utfordrande for barna. Personalet formar eit fysiske miljø som gir alle barn moglegheit til å delta aktivt i leik og andre aktivitetar. Vi har hovudfokus på barnehagen sitt leikemiljø inne. I dette arbeidet har barn sin medverknad ein sentral plass både i form av observasjon og dokumentasjon.



Arbeidsmåtar- Eit inkluderande leike- og læringsmiljø

- Utvikle leikemiljøet kontinuerleg basert på observasjonar og kartlegging av barna sin leik
- Barna bruker begge avdelingar til leik for å utforske ulike leikemiljø, personalet observerar leiken og tilpassar eventuelt leikemiljø etter kva barna treng og ønskjer. Dette er også ein god arena for deling av kompetanse på tvers av avdelingane.
- Sikre tilgjengeleg leikemateriell som oppmuntrar barna til å bruke fantasi, kreativitet og til problemløysing
- Dele opp rommene i små møteplassar der barna kan samhandle og kommunisere saman. Slike møteplassar oppmuntrar barna til inkludering, samhandling og samarbeid
- Felles tema, på tvers av alder og avdeling, gir barna felles referanseramme og utgangspunkt for leik i lag
- Pedagogiske planar med didaktiske mål blir utarbeida for kvar avdeling månadleg.
- Leikemateriell blir tilpassa tema og aktivitet i barnehagen, og regelmessig skifta ut
- Sikre innkjøp av leikemateriell som er fleksibelt og ikkje definerbart
- Lage eigne temakassar til bruk i leikegrupper.



Dokumentasjon og vurdering - Eit inkluderande leike- og læringsmiljø

Eit godt leikemiljø er ein prosess i stadig endring basert på barna sine behov og interesser. Observasjon er ein god metode for å kartlegge barna sin bruk av materiell og rom, på denne måten tilpassar personalet leikemiljø til barna sine interesser og behov. Personalet dokumenterer barnehagekvardagen gjennom munnleg og skriftleg observasjon, og ved bruk av bilete.

Ved å synleggjere bilete og dokumentasjon medverkar både barn og personalet gjennom tilbakemelding, refleksjon og tolking av prosessane som er dokumentert. Pedagogisk plan blir publisert i Vigilo kvar måned. I tillegg til å vere ein didaktisk plan med informasjon til føresette om barnehagen sine mål og planar, er det og eit viktig arbeidsreiskap for personalet for å sikre evaluering av barnehagekvardagen og god fagleg kvalitet i arbeidet.

I den månadlege evalueringa bruker vi følgande refleksjonsspørsmål:

1. Kva leiker barna?
2. Har alle barna leikekameratar?
3. Leiker du mykje med barna, og kva leiker du?
4. Korleis fungerer romma inne bra for barna sin leik?
5. Kva gjer dei vaksne for å gi barna godt fellesskap og positiv leikeoppleving?
6. Barna blir inviterte til årlege barnesamtalar i barnehagen, i disse samtalaner er leikemiljø, vennskap og trivsel sentrale tema.

Solidaritetsprosjekt- å glede andre

Gjennom året går 4 åringane på besøk til Viken aktivitetssenter ein gong kvar sjette veke. Her møter unge og gamle kvarandre til felles sangstund, latter og glede i kvardagen. Vinteren 2025 arrangerer vi ein solidaritetsaksjon til inntekt for sjukehusklovnane. Gjennom dette arbeidet viser vi empati for barn som må vere på sjukehus og reflekterer saman med barna kva rolle glede og latter har for ein god kvardag, og korleis ein kan bidra til å hjelpe andre. Prosjektet vert avslutta med ein klovnefest i barnehagen og eit arrangement for barn og føresette. Det blir oppretta ein spleis der den einskilde anonymt kan velje å støtte sjukehusklovnane med eit valfritt beløp.

[Sykehusklovnene, verdens beste reseptfrie medisin helt uten bivirkninger](#)
[Sykehusklovnene](#)



Tradisjonar i barnehagen

- Brannvernveke i september
- Haustfest
- Luciatog og ettermiddagsarrangement med føresette i barnehagen
- Nissefest
- Markering av nasjonaldagen til samane
- Klovneaksjon og klovnefest
- Symjeopplæring for førskulebarna
- Sommarfest med føresette i barnehagen



Overganger er ein naturleg del av livet til barn

Interne overganger i barnehagen

Dette kan vere frå liten- til stor avdeling, eller mellom avdelingar med tanke på samansetning av barnegruppa. Personalet samarbeider godt internt for å legge til rette for fellesskap og inkludering med tanke på overganger mellom avdelingar.

Barnehagen er ein heilskap, og vi har som mål at heile personalet gjer seg kjent med alle barn i barnehagen. Personalet skal sikre gode overganger internt i barnehagen dersom det er aktuelt. Barn og føresette skal få høve til å bli kjent med personalet og barna på den nye avdelinga. Pedagogisk leiar har, i samråd med føresette, ansvar for at nødvendig informasjon om barnets blir formidla til pedagogisk leder på ny avdeling.

Overgang barnehage - skule og SFO

Det siste året i barnehagen er det ekstra fokus på å gi barna kunnskap og erfaringar som kan gi dei eit godt grunnlag og motivasjon for å begynne på skulen og SFO. Saman med føresette skal vi sikre ein god og trygg overgang til skule og SFO.

Dei blir gitt meir fridom og ansvar og det blir lagt vekt på at barna skal bli sjølvstendige når det gjeld måltid, påkledning og ved toalettbesøk.

Barna i våre barnehagar kjem frå fleire bydelar og soknar til mange ulike skular. Det varierer difor kor tett samarbeid det blir med alle skulane barna skal begynne på. Dersom det er aktuelt å utveksle informasjon mellom barnehagen og skulen om ein skilde barn, må føresette gi samtykke til det.



Samarbeid til barnas beste

Samarbeid heim – barnehage

Barnehagen samarbeider med føresette og ulike instansar med barnas beste i fokus.

«Samarbeidet mellom hjemmet og barnehagen skal alltid ha barnets beste som formål. Foreldre og barnehagens personale har et felles ansvar for barnets trivsel og utvikling».
(Rammeplan for barnehagen 2017)

Målet med foreldresamarbeidet er å skape ei gjensidig forståing for det enkelte barn sitt behov og behovet til barnegruppa. Dette oppnår vi når relasjonen mellom barnehage og heim er prega av openheit og likeverd. Personalet har ansvar for å samarbeide med alle føresette på en slik måte at dei opplever seg sett, høyrde og inkludert. Dagleg kontakt ved levering/henting, foreldresamtalar og foreldremøte legg grunnlaget for samarbeid med heimen. All skriftleg informasjon går via den digitale plattform.

Helse Bergen sine barnehagar deltar i eit forskingsprosjekt i regi av Ingvar Bjelland, klinikkoverlege ved Klinikk psykisk helsevern for barn og unge, Helse Bergen. Forskningsprosjektet skal evaluere ein ny metode, Dialogbasert tidlig oppdagelse, som skal vere til hjelp for barnehagane når det gjeld å finne fram til barn som vil trenge ekstra oppfølging pga. ei bekymringsfull utvikling når det gjeld kjensler eller åtferd. Gjennom prosjektet ønsker dei også å finne ut om tidleg oppdaging kan ha positive konsekvensar for den seinare utviklinga til barna.

Sjølve metoden går ut på å bruke den årlege (eller halvårlege) foreldresamtalen på ein meir systematisk måte ved at både pedagog og føresette fyller ut eit spørjeskjema før foreldresamtalen. I samtalen skal så foreldre og pedagog drøfte om det er grunn til å ha meir merksemd mot dei moglege utfordringane til barnet, eller eventuelt setje i verk konkrete tiltak. Dette barnehageåret er det føresette til barn fødd i 2018 som deltar i prosjektet dersom dei er villige til det.

Helse Bergen sine barnehagar har eit foreldreråd, FAU og eit samarbeidsutval. Foreldrerådet består av alle føresette i den enkelte barnehagen, foreldrerådet vel representantar frå kvar avdeling som dannar FAU. Samarbeidsutvalet er lovpålagt og er sett saman av like mange representantar frå foreldre, tilsette og eigar, og skal vera eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Alle saker av viktighet skal føreleggast samarbeidsutvalet. Føresette blir invitert til å delta i den nasjonale brukarundersøkinga for barnehagar frå UDIR. Vi håper at alle føresette nyttar denne moglegheita til å seia meininga si om barnehagetilbodet, dette bidrar til kvalitetsutvikling i barnehagane våre.

Eksterne samarbeidspartnarar

Høgskulen på Vestlandet

Helse Bergen har avtale med Høgskulen på Vestlandet om praksisundervisning for studentar frå barnehagelærerutdanninga, og nokre avdelingar får studentar i praksis i løpet av året.

Lærebedrift

Barnehagane i Helse Bergen er godkjende som lærebedrift for lærlingar i Barne- og ungdomsarbeiderfaget.

Pedagogisk Psykologisk Senter (PPS)

I samråd med føresette kan vi kontakte og eventuelt inngå samarbeid med denne, eller tilsvarande hjelpeinstansar utanfor barnehagen.

Barnevernet

«Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid være oppmerksom på forhold som kan føre til tiltak fra barneverntjenestens side.

Uten hinder av taushetsplikt skal barnehagepersonalet av eget tiltak gi opplysninger til barneverntjenesten, når det er grunn til å tro at et barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt, jf. lov om barneverntjenester § 4-10, § 4-11, § 4-12, eller når et barn har vist vedvarende alvorlige atferdsvansker, jf. samme lov § 4-24. Også etter pålegg fra de organer som er ansvarlige for gjennomføringen av lov om barneverntjenester, plikter barnehagepersonalet å gi slike opplysninger. Opplysninger skal normalt gis av styrer» (Lov om barnehager).

Helse Bergen sine barnehagar har reglar, rutinar og beredskap knytt opp mot tema, og nyttar internt HMS system som verktøy i arbeidet.

Utvikling skjer i møte med menneske og kunnskapsdeling

Organisasjonsutvikling

«De ansattes formelle kompetanse har betydning for kvaliteten på samhandlingen med barna, og for hvordan personalet tilrettelegger et omsorgs- og læringsmiljø ut fra hvert enkelt barns forutsetninger» (St.meld.19).

Barnehagen skal vere ein lærande organisasjon ved å vere utviklingsorientert og nytenkande i tråd med ny forskning og kunnskap om barn, barndom og samfunn. Barn i barnehagen skal få ei felles plattform og ein god start på den livslange læringa. Det er eit nasjonalt mål å sikre likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagar. Som eit ledd i å sikre god kvalitet i barnehagane våre vidareutviklar Helse Bergen barnehagane sine som lærande organisasjon og legg til rette for fagleg utvikling. Det vert lagt stor vekt på å ha kompetente tilsette. Vi sørgjer for at våre tilsette får auka kunnskap om utviklinga og læringa til små barn, og for at det blir arbeidd systematisk med å leggje til rette for barn si læringa og utvikling. Kompetansehevande tiltak blir gjort i tråd med behovet til barnehagane og ønsker for å sikre at personalet får riktig og nødvendig kompetanse. Det blir lagt til rette for refleksjon og

fagleg utvikling både individuelt og i grupper gjennom intern opplæring, rettleiing, fagdagar, eksterne kurs, foredrag mm

Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Planlegging gir personalet eit godt grunnlag for å tenka og handla langsiktig og systematisk, og skal synleggjera korleis vi fortolkar og realiserer Rammeplanen. Gjennom gode planar skal vi sørge for eit tilrettelagt tilbod for enkeltbarn og barnegruppa der vi sikrar kontinuitet og progresjon. Det blir utarbeidd Årsplan for den enkelte barnehagen, i tillegg blir det utarbeidd planar for kortare og lengre periodar etter behovet til barnehagen. Årsplanen er eit arbeidsdokument for personalet og dannar grunnlag for dokumentasjon, vurdering og refleksjon. Vi bruker ulike verktøy for å dokumentere vårt pedagogiske arbeid i barnehagen, blant anna ved bruk av bilde, praksisforteljingar, Dagen i dag, veke- eller månadsbrev ol. Vurderingsarbeidet i barnehagen er viktig for å sikre at vi gir alle barn eit godt og tilrettelagt tilbod i tråd med Barnehageloven og Rammeplanen. Vurderingane dannar grunnlag for barnehagen sitt vidare arbeid med årsplanar og for utvikling av barnehagane som organisasjon. Vi bruker ulike møtepunkt for å sikre at heile personalet deltar i refleksjonar og vurderingar. Slik lærer vi av eigen praksis og bidrar til å utvikle barnehagen. Barna deltar i dette arbeidet for å sikre at deira innspel, vurderingar og synspunkt blir varetatt.

Kvar barnehage vel eit vurderingsområde kvart år, dette er beskrive meir utfyllande i årsplanen for den enkelte barnehagen.

Internasjonalt samarbeid - Erasmus+

Erasmus+ er det største programmet for internasjonalisering i Europa og har som mål å bidra til sosial utjamning, kvalitetsutvikling, fremme initiativ og bidra til å løyse utfordringar.

Som eit ledd i å utvikla organisasjonen og sikra god kvalitet i barnehagane har Helse Bergen barnehagane søkt og mottatt midlar frå Erasmus+ til satsingsområdet vårt; Livsmeistring og Helse. Vi er no akkrediterte for 5 år som vi seie at vi i løpet av dei neste fem åra mottar årlege midlar for å driva internasjonalt samarbeid. I løpet av denne tida vil fleire tilsette få mogelegheit til å dra på studiereise for å observere praksis i andre land. Ved å sjå på praksis i andre land og gjennom refleksjon med andre utdanningsinstitusjonar vil vi samtidig få eit blick på eigen praksis.

Barnehagen spelar ei viktig rolle i å gi barna erfaringar som legger grunnlaget for moglegheiter dei får seinare i livet, og som har verdi for deira vidare livsløp i et komplekst og mangfaldig samfunn (Meld.st.19, Tid for lek og læring). Både FN's barnekonvensjon og Rammeplan 2017 har fokus på viktigheita av å fremma barns fysiske og psykiske helse. Vi ser internasjonalt samarbeid som viktig i kvalitetsutviklinga vår og kompetansehevinga til tilsette.

Planleggingsdagar 2024-2025

09.09.24

01.11.24

31.01.25

14.03.25

30.05.25

Kontaktinformasjon – Vigilo eller telefon

Løvestakken: Tlf; 95087282

Pedagogisk leiar: Marianne Bergset marianne.bergset@helse-bergen.no

Ulriken: Tlf; 95088311

Pedagogisk leiar: Monica Edvardsdal Rørtveit monica.edvardsdal.rortveit@helse-bergen.no

Kontor: Hunstad.barnehage@helse-bergen.no Tlf.55974942

Styrrar: Irene Becker Pedersen: irene.becker.pedersen@helse-bergen.no

Tlf: 92249603

